

# Styringsdokument

Program for kommunesamanslåinga mellom Eid og Selje



*«For den som ikke vet hvor han skal  
finnes det ingenting som heter medvind»*

- Seneca

Fellesnemnd for Eid og Selje

Saks nr: 030/18

Dato: 03.05.2018



# Innhold

.....	0
<b>1. Formålet med programmet .....</b>	<b>2</b>
<b>1. Mål med styringsdokumentet.....</b>	<b>2</b>
<b>2. Mål .....</b>	<b>3</b>
2.1. Innleiing.....	3
2.2. Mål og suksesskriterier .....	3
<b>3. Informasjon og kommunikasjon .....</b>	<b>4</b>
3.1. Interessentoversikt .....	4
3.2. Kommunikasjonsstrategi .....	5
<b>4. Rammevilkår .....</b>	<b>5</b>
<b>5. Programmets avgrensingar og avhengigheiter.....</b>	<b>6</b>
<b>6. Organisering, roller og ansvar.....</b>	<b>7</b>
6.1. Programstyrings- og rapportering.....	7
6.2. Rolleskildring .....	8
6.3. Programplan med milepælar.....	10
<b>7. Prosjekt i programmet.....</b>	<b>11</b>
7.1. Politiske prosjekt .....	11
7.2. Administrative prosjekt.....	11
<b>8. Strategi for gjennomføring av programmet .....</b>	<b>12</b>
8.1. Retningslinjer for utvikling av gode tenester .....	12
8.1.1. Vi skal samskape - samordne og samarbeide .....	13
8.1.2. Vi skal tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting .....	13
8.1.3. Vi skal bli fleire .....	13
8.1.4. Vi skal vere nyskapande.....	14
8.2. Retningslinjer for løysing av dilemma .....	14
8.3. Retningslinjer for samarbeid og konfliktløysing .....	14

# 1. Formålet med programmet

Eid og Selje kommunar vil frå 1. januar 2020 bli ein kommune<sup>1</sup>, og namnet på den nye kommunen blir Stad kommune. Tettstaden Bryggja med krinsane Totland, Bryggja og Maurstad i dagens Vågsøy, blir også ein del av Stad kommune frå 1. januar 2020<sup>2</sup>. Arbeidet med kommunesamanslåinga blir organisert som eit program<sup>3</sup>, etablert med det formål at Stad kommune skal vere etablert og i drift 1. januar 2020.

## 1. Mål med styringsdokumentet

Formålet med styringsdokumentet er å definere programmet og danne eit grunnlag for riktig program- og prosjektleiing.

Eit program er ei samling av prosjekt, der programmet set eit felles overordna samfunns mål for prosjekt og angjev aktivitetar i arbeidet med kommunesamanslåinga. Styringsdokumentet peikar ut retningar og omfanget av programmet og dannar saman med prosjektplanen «ei kontrakt» mellom programleiaren og programeigaren, som i dette programmet er Fellesnemnd for Eid og Selje.

Arbeidet med kommunesamanslåinga byggjer på følgjande verdigrunnlag<sup>4</sup>:

- Respekt
- Likeverd
- Medverknad
- Tillit
- Ansvar
- Inkludering

Dei tre hovudmåtane å bruke styringsdokumentet på er:

- Sikre at programmet har eit sunt grunnlag før Fellesnemnd for Eid og Selje blir bedt om å treffe viktige avgjersle
- Fungere som eit basisdokument som Fellesnemnd for Eid og Selje kan bruke for å vurdere framdrift og eventuelle avvik
- Gje eit enkelt referansepunkt til programmet slik at personar som kjem inn i programmet raskt og enkelt kan setje seg inn i hovudtrekka og korleis det blir styrt

Styringsdokumentet er eit levande leiingsprodukt i og med at det alltid skal vise noverande status, planar og kontrollmekanismer i prosjektet. Styringsdokumentet må elles sjåast i samheng med andre

---

<sup>1</sup> Eid kommunestyre 26.01.2017, KS-015/17, Selje kommunestyre 26.01.2017, Ks-03/17

<sup>2</sup> Vedtak om grensejustering av KMD 28.11.2017

<sup>3</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 18.01.2018, FEN-009/18

<sup>4</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 01.03.2018, FEN-019/18

planar og dokument som vert utarbeidd i arbeidet med kommunesamanslåinga. Dei viktigaste dokumenta vil bli samla på [www.Stad2020.no](http://www.Stad2020.no).

## 2. Mål

### 2.1. Innleiing

Eit mål er ei beskriving av ein ønskt framtidig tilstand. I programmet nyttar vi ulike formar for mål for å beskrive kva vi vil oppnå med programmet og prosjekta i programmet.

Perspektiv	Mål	Kommentar	Når
Eigarperspektiv	Samfunnsmål	Eit samfunnsmål seier kva slags nytte samfunnet skal ha av kommunesamanslåinga	Etter at tiltaket er sett i drift
Brukarperspektiv	Effekt mål	Oppdragsgjevars/prosjekteigars mål. Gevinsten/effekten de vil oppnå Utviklingsoppgåva sitt føremål.	Etter at tiltaket er sett i drift
Prosjektperspektiv	Resultatmål	Prosjektorganisasjonen sitt mål Resultatmålet seier kva som skal vere oppnådd når prosjektet er ferdig, og er med på å gje omgjevnadane eit bilete av kva ein faktisk arbeider for	Når prosjektet er avslutta

### 2.2. Mål og suksesskriterier

Fellesnemnd for Eid og Selje har sett følgjande samfunnsmål for samanslåingsprogrammet:

*«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»<sup>5</sup>*

Alle prosjekt som vert sett i gang i regi av Fellesnemnd for Eid og Selje skal ha dette samfunnsmålet som overordna mål.

Resultatmålet for programmet er:

*«Stad kommune skal vere i drift 1. januar 2020»<sup>6</sup>*

Effekt målet, henta frå intensjonsavtalen, er:

- gode, føreseielege tenester for innbyggjarane
- ein attraktiv lokaliseringstad for ny næringsverksemd, fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar
- folketalsvekst i den nye kommunen på eller over landssnittet

<sup>5</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 18.01.2018, FEN-009/18

<sup>6</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 21.09.2017, FEN-017/17


- kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen
- ha utvikla desentraliserte tenestetilbod folk treng i kvardagen
- blant dei beste kommunane i Noreg innanfor skule/utdanning og kultur
- er ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablerer av møteplassar, partnerskap og samhandlingsarena
- har lagt til rette for at ein kan bu, arbeide og ha tilgang til fritidstilbod i alle deler av kommunen
- er ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- har effektivisert og digitalisert forvaltningstenestene

Samanslåinga vil bli organisert som eit program med følgjande prosjektstruktur:

- a) Politiske hovudprosjekt
- b) Hovudprosjekt med administrativ styring

Under desse prosjektstrukturane er det høve til å opprette delprosjekt.

Kvart hovudprosjekt og delprosjekt skal ha sine egne effektmål og resultatmål. For å lukkast med arbeidet med kommunesamanslåing, så ser vi det som avgjerande at dei effektmåla som vert sett i hovud- og delprosjekta er retta mot samfunns målet og eigna til å nå dette. Det må heller ikkje vere innbyrdes motsetnadar mellom måla.



## 3. Informasjon og kommunikasjon

### 3.1. Interessentoversikt

Ei kommunesamanslåing er meir enn ei samanslåing av to kommuneadministrasjonar eller ei oppheving av kommunegrenser og etablering av nye. Ei kommunesamanslåing er ein planlagt endringsprosess, som påverkar både samfunns- og organisasjonsstruktur og då også alle aktørane som inngår i desse strukturane.

I arbeidet med kommunesamanslåinga vil vi i informasjons- og kommunikasjonsarbeidet måtte ta omsyn til vil kommunane sine rolle som arbeidsgjevar, tenesteytar, forvaltar, samfunnsutviklar og demokratiske arena. Vi kan då dele interessentane inn i to hovudgrupper, omtalt som interne og eksterne interessentar. Oversikta under er ikkje uttømmende, men er meint å gje ei kortfatta oversikt over interessentane i kommunesamanslåingsprosessen.

Interne interessentar	Eksterne interessentar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette – den enkelte arbeidstakar</li> <li>• Tillitsvalde og fagforeiningane i Eid og Selje kommune</li> <li>• Verneombod</li> <li>• Folkevalde i Eid og Selje</li> <li>• Råd og andre samarbeidsorgan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innbyggjarane</li> <li>• Besøkande</li> <li>• Potensielle tilflyttarar</li> <li>• Næringslivet</li> <li>• Lag og organisasjonar i Eid og Selje</li> <li>• Regionale og nasjonale myndigheiter</li> <li>• Media</li> <li>• Andre interesserte</li> <li>• Nabokommunane</li> </ul>

### 3.2. Kommunikasjonsstrategi

Fellesnemnd for Eid og Selje har vedtatt ein kommunikasjonsstrategi med ein tilhøyrande plan for kommunikasjonstiltak for arbeidet med kommunesamanslåinga<sup>7</sup>. Desse dokumenta vert førande for alt arbeid i programmet. Kwart prosjekt i programmet må også definere sine hovudinteressentar og planlegge og gjennomføre eigna informasjons- og kommunikasjonstiltak i kvart enkelt prosjekt.

## 4. Rammevilkår

Ved behandling av kommuneøkonomiproposisjonen 2015 vedtok Stortinget 18. juni 2014 å slutte seg til regjeringa sitt forslag om å gjennomføre ei kommunereform.

Måla for reforma er:

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Kommunane skal fylle fire roller:

- Tenesteytar
- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Demokratisk arena

Inndelingslova gjev dei overordna rettslege reglane for kommunesamanslåinga mellom Eid og Selje. Lova har som føremål å legge til rette for ei kommuneinndeling som kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning<sup>8</sup>.

<sup>7</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 09.11.2017, FEN-026/17

<sup>8</sup> Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 1

Kommunesamanslåingsprosessen mellom Eid og Selje starta formelt ved inngåing av ein intensjonsavtale<sup>9</sup> mellom dei to kommunane. Intensjonsavtalen skildrar kva ein vil oppnå med å gå saman i ei ny kommune og korleis samanslåinga skal skje.

Kommunesamanslåinga mellom dei to kommunane har status som verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16. Det er inngått ein omstillingsavtale mellom kommunane Eid og Selje, representert ved Partssamansett utval (PSU) for Eid og Selje og arbeidstakar-organisasjonane i dei to kommunane. Avtalen har som formål å legge til rette for reell medverknad og deltaking i fastsetting av ny arbeids- og organisasjonsstruktur i den nye kommunen. Avtalen har også som formål å legge til rette for ein føreseieleg omstillingsprosess for dei tilsette i dei to kommunane. Avtalen supplerer gjeldande regelverk knytt til verksemdsoverdraging.

Fellesnemnd for Eid og Selje har fått tildelt eit eingongstilskot på kr 20,5 mill. for gjennomføring av kommunesamanslåinga, i tillegg har vi fått tildelt kr 4,0 mill. til digitalisering. Fellesnemnd for Eid og Selje har vedteke eit budsjett for bruken av midlane<sup>10</sup>.

## 5. Programmets avgrensingar og avhengigheiter

Eit sentralt prosjekt i omstillingsarbeidet for dei to kommuneorganisasjonane er «Omstillingsprosjektet». Omstillingsprosjektet skildrar korleis vi skal arbeide for å organisere nye avdelingar og kva prosessar og metodar ein skal nytte for å innplassere og tilsetje leiarar og medarbeidarar i Stad kommune.

Omstillingsprosjektet er avgrensa til utarbeiding av ny organisasjonsmodell og innplassering av tilsette, og må såleis avgrensast mot hovudprosjekta<sup>11</sup> sitt arbeid med å arbeide fram ny arbeidsform i Stad kommune.

I omstillingsprosjektet er det gjort ei prioritering når det gjeld avdelingar og fagområde som vil bli omfatta av omstillingsprosjektet og som vil få ny organisering fram mot 1. januar 2020, og kva avdelingar og fagområde som ikkje vil få gjennomgått strukturen før etter 2020. Desse prioriteringane vil vere førande for arbeidet i hovudprosjekta.

For alle prosjekta i programmet, så er det også ein føresetnad at dei effektmåla som vert sett i hovud- og delprosjekta er retta mot samfunnsmålet og er eigna til å nå dette. Det må heller ikkje vere innbyrdes motsetningar mellom måla. Vidare må alt kunnskapsgrunnlag som vert arbeidd fram i programarbeidet gjerast kjent og tilgjengeleg til bruk i prosjekta. Dette gjeld også for pågåande planarbeid i programmet.

---

<sup>9</sup> Intensjonsavtale for nye Eid/Selje kommune datert 06.01.2017

<sup>10</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 21.09.2017, FEN-018/17

<sup>11</sup> Sjå styringsdokumentets pkt. 8 om organisering, roller og ansvar for informasjon om hovudprosjekta

## 6. Organisering, roller og ansvar

### 6.1. Programstyrings- og rapportering

Prosjektbeskriving for samanslåing av kommunane Eid og Selje frå 01.01.2020<sup>12</sup> gjere greie for arbeidet og avklare dei ulike aktørane sine roller og fullmakter.

Fellesnemnd for Eid og Selje har fått som mandat å førebu kommunesamanslåinga og sikre naudsynt samordning mellom kommunane til konstituerande møte i nytt kommunestyre er halde hausten 2019. Fellesnemnda har 12 medlemmer, der kommunane Eid og Selje har seks medlemmer kvar. Stein Robert Osdal (Krf) er ordførar i Selje og leiar av fellesnemnda. Nestleiar er ordførar i Eid, Alfred Bjørlo (v).

Det er oppretta eit partssamansett utval under fellesnemnda. Utvalet er sett saman av fellesnemnda sine 12 medlemmer og to tillitsvalde frå kvar kommune.

Åslaug Krogsæter er tilsett som programleiar for kommunesamanslåinga og vert rådmann i Stad kommune. Programleiar har det administrative ansvaret for gjennomføringa av kommunesamanslåinga og er prosjekteiar for administrative prosjekt.


Programansvarleg utgjer saman med rådmann i Selje og økonomisjef for Eid og Selje den administrative styringsgruppe for kommunesamanslåinga.

Det er utarbeidd eit organisasjonskart som viser programorganiseringa. Dette inkluderer også dei politiske prosjekta som Fellesnemnd for Eid og Selje er prosjekteigar på. Inn under fellesnemnda ligg også Bryggja utviklingslag, som har to representantar med møte og talerett i Partssamansett utval og i Fellesnemnda<sup>13</sup> som ein følgje av vedtaket om grensejustering.

---

<sup>12</sup> Eid og Selje kommunestyre

<sup>13</sup> Partssamansett utval 07.12.2017, PSU-023/17, og Fellesnemnd for Eid og Selje 07.12.2017, FEN-023/17



## 6.2. Rolleskildring

Dei viktigaste rollene og oppgåvene innanfor program- og prosjektleiing i programmet er vist nedanfor. Omtalen er ikkje uttømmende.

Programeigar	Fellesnemnd for Eid og Selje (politiske)
<b>Ansvar</b>	<b>Hovudoppgåve</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestillar</li> <li>• Ansvarleg for effektmåla</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenne prosjektmandat</li> <li>• Peike ut prosjektansvarleg</li> <li>• Forankre prosjektet i politiske fora/ driftsorganisasjonen</li> </ul>

<b>Prosjekteigar</b>	Fellesnemnd for Eid og Selje (politiske) Programleiar Krogsæter (administrative)
<b>Ansvar</b>	<b>Hovudoppgåve</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestillar</li> <li>• Ansvarleg for effektmåla</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenne prosjektmandat</li> <li>• Peike ut prosjektansvarleg</li> <li>• Forankre prosjektet i politiske fora/ driftsorganisasjonen</li> </ul>

<b>Programkontoret</b>	
<b>Ansvar</b>	<b>Hovudoppgåve</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagleg leiar oppfølging av samfunns målet</li> <li>• Dagleg ansvar for framdrift og resultatoppnåing i programmet</li> <li>• Dagleg ansvar for informasjon- og kommunikasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Koordinator og kvalitetssikrar</li> <li>• Fagleg støtte til tenesteutvikling</li> <li>• Tilby prosessleing</li> <li>• Førebu og kalle inn til felles møte/samlingar</li> <li>• Saksførebuing til PSU og fellesnemnda</li> <li>• Følgje opp informasjons- og kommunikasjonsplan med tiltak</li> </ul>

<b>Prosjektleiar</b>	
<b>Ansvar</b>	<b>Hovudoppgåve</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagleg leiar for prosjektet</li> <li>• Ansvarleg for framdrift og resultatoppnåing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide mandat og setje mål</li> <li>• Utarbeide prosjektplan</li> <li>• Rekruttere prosjektgruppe</li> <li>• Leie prosjektgruppa</li> <li>• Vere sekretær for styringsgruppa</li> <li>• Rapportere til styringsgruppa/prosjekteigar</li> <li>• Sikre brukarmedverknad</li> <li>• Ansvar for effektmålet i prosjektet</li> </ul>

Prosjektgruppe	
Ansvar	Hovudoppgåve
<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre arbeidsoppgåvene i prosjektet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rekruttere prosjektgruppe, i samarbeid med prosjektansvarleg</li> <li>Leie prosjektgruppa</li> <li>Vere sekretær for styringsgruppa</li> <li>Utarbeide og følgje opp prosjektplan</li> <li>Rapportere til prosjektleiar</li> <li>Sikre brukarmedverknad</li> </ul>

For våre prosjekt er det lagt til rette for at prosjektleiarane ved bruk av den digitale programvaren Prosjektportalen skal nytte desse standard dokumenta i prosjektarbeida:

- Prosjektmandat
- Prosjektplan
- Statusrapport
- Sluttrapport

### 6.3. Programplan med milepæl

Kommunesamanslåinga vil medføre omfattande omleggingar av kommunane sine systemporteføljor, som får konsekvensar for kommunane av teknisk, organisatorisk, økonomisk og juridisk art. Kommunane er avhengige av at dei digitale løysingane fungerer og at digital dokumentasjon er tilgjengelig for å vere i stand til å yte tenester på ein forsvarlig måte. Dette vil gjelde for dei to kommunane heilt fram til 1. januar 2020, og frå første dag den nye kommunen trer i kraft. Framdriftsplanen for arbeidet med kommunesamanslåinga er lagt opp etter dette utgangspunktet. Milepelsplanen under er den overordna milepelsplanen for programmet. Eigne detaljerte milepelar vert sett i dei enkelte prosjekta.

NR	Milepæl	Ansvarleg	Frist
1	Mobiliseringsfase og ferdige mandat for hovudprosjekta	Programleiar	01.03.18
2	Ferdige prosjektplanar - hovudprosjekt	Programleiar	28.03.2018
3	Skisse for ny overordna organisasjonsstruktur nivå 1 og 2 klar for vidare arbeid og drøfting	Programleiar	01.05.18
4	Ny organisasjonsstruktur for Stad kommune klar	Programleiar	01.11.18
5	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Ferdig politisk hovudorganisering</li> <li>b) Ferdig tilrettelagde støttefunksjonar</li> <li>c) Ferdig utvikla teneste i alle prioriterte avdelingar/fagområde</li> </ul>	Programleiar	01.06.19
6	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Ny politisk leiing valt og operativ</li> <li>b) Budsjett for Stad kommune vedtatt og operativt</li> </ul>	Programeigar	01.01.20

	c) Nye prioriterte planar vedtekne og operative d) Nye støttefunksjonar operative e) Nye tenestoområde operative f) Alle stillingar bemanna og operative g) Ny organisasjon og ny styringsmodell		
7	Operativ drift og resultatuttak i ny kommune	Programeigar som rådmann og ny leiing	01.01.22

## 7. Prosjekt i programmet

### 7.1. Politiske prosjekt

Fellesnemnd for Eid og Selje har førebels vedtatt oppstart av tre politiske prosjekt i programmet:


1. Førebuing til val 2019
2. Lokaldemokrati – fornying og utvikling
3. Felles identitet, kultur og symbol

### 7.2. Administrative prosjekt

Programmet har seks administrative hovudprosjekt med ansvar for å utvikle tenestene i Stad kommune. Det er utarbeidd egne mandat og prosjektplanar for hovudprosjekta. I prosjektplanane er det teke stilling til behovet for delprosjekt og arbeidsgrupper under for gjennomføring av hovudprosjekta.

Prosjekt	Prosjektleder
Stad2020 som tilretteleggar for samfunnsutvikling	Roar Sætre
Stad2020 – felles system	Wenche Berget
Å få sosial og fagleg utvikling og opplæring i Stad2020	Harald Sivertsen
Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Stad2020	Barbro Longva
Å ha eit meningsfullt og aktivt liv i Stad2020	Geir Holmen
Stad2020 som organisasjon og arbeidsgjevar	Ingunn Rotihaug

Prosjekt i samanslåingsprogrammet følger strukturen som vist i skissa under.



## 8. Strategi for gjennomføring av programmet

Fellesnemnd for Eid og Selje har vedtatt<sup>14</sup> fire hovudstrategiar for å nå samfunns målet:

- 1) Vi skal **samskape** - samordne og samarbeide
- 2) Vi skal tilby **heilskapleg og effektiv** tenesteyting
- 3) Vi skal **bli fleire**
- 4) Vi skal vere **nyskapande**

### 8.1. Retningslinjer for utvikling av gode tenester

Samfunns målet, verdiane våre og dei vedtekte strategiane vert retningsgjevande for utviklinga av tenestene i Stad kommune. I tillegg skal det utarbeidast ein overordna felles metodikk for tenesteutvikling, som vil gje ei felles utgangspunkt for arbeida i hovudprosjekta. Tenestemetodikken skal tilpassast den enkelte teneste, og programkontoret vil yte fagleg støtte og prosessleing til prosjekta.

<sup>14</sup> Fellesnemnd for Eid og Selje 01.03.18, FEN-018/18

### **8.1.1. Vi skal samskape - samordne og samarbeide**

I Stad kommune skal vi samarbeide, mobilisere og skape verdiar på tvers av organisasjons- og sektorgrenser, styrke samspel med familie, lokalsamfunn, frivillige, ideelle og private verksemdar.

Ved å setje saman kunnskap, ressursar og kompetanse frå innbyggjarane, sosiale entreprenørar, foreiningar og verksemdar skal vi samskape og utvikle felles løysingar saman med dei involverte innbyggjarane og aktørane. I dette ligg det ikkje berre eit organisasjons- eller næringslivs fokus, men også eit individfokus. Innbyggjarane skal i alle livsfasar oppleve sjølvråderett og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølve og kunne meistre liva sine. Stad kommune må etablere effektive og samordna tenester basert på dette verdigrunnet.

Å samskape krev samordning og samarbeid. Kvaliteten på samordning er avhengig av system, tid, rutinar og rolleavklaringar. Kvaliteten på samarbeid er avhengig av menneska som deltek.

### **8.1.2. Vi skal tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting**

Tenestene skal drivast effektivt og innovativt med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Vi vil skape ein enklare kvardag for folk flest gjennom å forenkle, fornye og forbetre offentleg sektor; først og fremst gjennom å ta i bruk nye løysingar, ny teknologi og nye metodar.

Ved å sette innbyggjaren i sentrum har vi betre føresetnader for å forstå behova. Ved å sjå tenestetilbodet frå innbyggjaren sitt perspektivet kan vi lettare utvikle og organisere meir heilskapelege, effektive og samanhengande tenester som støttar den enkelte si livsmeistring.

Utfordringar skal ikkje løysast isolert, men må sjåast i samheng med eksisterande og komande løysingar - og utviklast i samråd med innbyggjarane.

Gjennom å fornye, forenkle og forbetre tenestene og forvaltninga skal vi bruke offentlege midlar meir målretta, gjere samfunnet mindre byråkratisk og auke vår evne til gjennomføring.

### **8.1.3. Vi skal bli fleire**

Vi skal prioritere lokalt tilflyttingsarbeid for å rekruttere nye innbyggjarar.

Vi skal auke andelen innbyggjarar mellom 20 - 40 år, og vi skal ha tilflytting til alle delar av kommunen. Tilflyttingsarbeidet skal bidra med relevante tiltak som hjelper folk til å få, behalde eller utvikle ei flyttelyst, ta ei avgjerd om å flytte og gjennomføre det.

Vi skal legge til rette for at folk skal kunne ha eit rikt, trygt og meiningsfullt liv i Stad kommune. Stad kommune skal vere eit naturleg fyrsteval å bu og flytta til fordi det er ein region med mangfald, karrieremoglegheiter, gode oppvekstvilkår, trivsel og flotte opplevingar. Vi skal ha relevante og interessante jobbar, tenestetilbod, kommunikasjonar og moglegheiter til å finne bustad.

I tilflyttingsarbeidet skal vi gje informasjon, kunnskap og perspektiv som treff dei som synest eit liv i distriktet er attraktivt. Vi har som mål å få fleire til å ville ha eit slikt liv i ein fase eller "for alltid".

#### **8.1.4. Vi skal vere nyskapande**

For å bidra til eit livskraftig og trygt samfunn må vi utforme nye løysningar ved å mobilisere samfunnet sine samla ressursar. Vi skal ta i bruk ny teknologi, nye faglege metodar og støtte lokalt innovasjonsarbeid.

Vi skal jobbe målretta med kompetanse- og leiarutvikling i organisasjonen.

Vi skal gje handlingsrom for eldsjeler og innovatørar både i offentleg sektor, privat næringsliv og i sivilsamfunnet.

Vi skal ha ein fleksibel organisasjon og eit opent samfunn som evnar å gripe dei gode moglegheitene som byr seg. Vi skal handtere reglar det er krav om, ha god situasjonsforståing og snu oss raskt for å få sett i gang tenlege tiltak.

Det vert arbeidd fram meir detaljerte retningslinjer for korleis ein skal arbeide fram ny arbeidsmetodikk i ny kommune.

### **8.2. Retningslinjer for løysing av dilemma**

Alle vegval og tiltak skal ideelt sett vere basert på dei verdiane som vi har sett for arbeidet med kommunesamanslåing.

Verdiane våre er:

- Respekt
- Likeverd
- Medverknad
- Tillit
- Ansvar
- Inkludering

### **8.3. Retningslinjer for samarbeid og konfliktløysing**

Fellesnemnda sitt arbeid byggjer på konsensusprinsippet. Nemnda må difor drøfte seg fram til framlegg som kan fremjast med likelydande innstilling til dei to kommunestyra. Fellesnemnda får som mandat å førebu kommunesamanslåinga og sikre naudsynt samordning mellom kommunane til konstituerande møte i nytt kommunestyre er halde hausten 2019.

Kvar av kommunane har i perioden fram til samanslåing ansvar for ordinær drift, men spørsmål som kan ha betyding for den nye kommunen bør drøftast i fellesnemnda før endeleg vedtak i kommunestyra.<sup>15</sup>

---

<sup>15</sup> Prosjektbeskriving for samanslåing av kommunane Eid – Selje frå 01.01.2020